
Ordtilfanget i nynorsk

– synsmåtar og røynsler

**Norsk språkråd
Oslo 1998**

Innhald

I

Attersyn og framsyn. <i>Kjell Venås</i>	9
Normering av ordtilfang i internasjonalt perspektiv. <i>Lars S. Vikør</i>	21
Mellom det ønskelege og det moglege: vitskaplege og politiske rammer for normering av ordtilfang. <i>Jan Terje Faarlund</i>	29
Tradisjon eller brott i nynorsk ordtilfang? <i>Helge Sandøy</i>	39

II

Med språkeigarane på nakken. <i>Jan E. Byberg</i>	51
Frå bokmål til nynorsk – om ordtilfanget i nynorske lærebøker. <i>Åshild Nordstrand</i>	55
Eit dykk i det nynorske pressespråket. <i>Asgeir Olden</i>	61
Ordtilfanget i det nynorske radio- og fjernsynsspråket. <i>Jon Peder Vestad</i>	67
Ordtilfanget og målrørsla. <i>Oddmund Løkensgard Hoel</i>	75

III

Utgreiing om ordtilfanget – tilråding frå ordtilfangsnemnda, 1983	87
Nynorsk ordtilfang – eit brev til fagnemnda i Norsk språkråd, 1993. <i>Tove Bull, Arnold Dalen, Ingeborg Donali, Helge Sandøy</i>	109

Ordtilfanget og målrørsla

Av Oddmund Løkensgard Hoel

Kva meiner målrørsla om ordtilfanget i nynorsk?

Denne artikkelen gjev ikkje eit eintydig svar på det spørsmålet. Eg har ingen ambisjonar om å uttala meg på vegner av «målrørsla», som er eit mylder av små og store organiserte og uorganiserte grupper og personar som kvar på sitt vis gjer ein eller annan innsats for meir nynorsk eller betre nynorsk. Artikkelen ber heller ikkje fram det offisielle synet til Noregs Mållag. Styret i organisasjonen kjem til å uttala seg om den aktuelle ordtilfangssaka fyrst når dette heftet er på veg ut til lesarane, og det er opp til landsmøtet i juli 1999 å vedta ein meir heilskapleg normeringspolitikk for organisasjonen. Etter presentasjonen og tolkinga av politikken til mållaget i dag er det såleis berre synet til nestleiaren i organisasjonen eg kan by på. Hovudvekta vil liggja på dei målpolitisk prinsipielle og strategiske spørsmåla som ordtilfangssaka reiser, ikkje på dei normeringstekniske sidene eller dei konkrete framlegga som har vore oppe det siste året.

Normeringssynet til Noregs Mållag

Prinsippprogrammet for Noregs Mållag frå 1976 fekk avløyning på landsmøtet i 1997, men formuleringane som galdt norma, vart i hovudsak førte vidare. Under overskrifta «Skriftmålet» seier det nye programmet at

Noregs Mållag arbeider for at enkel setningsbygning og folkeleg seiemåte skal vera stilmønster for skriftspråket, og for å laga nyord på heimleg grunn framfor å henta dei inn frå andre språk.

Noregs Mållag ynskjer at nynorsken skal normerast på sjølvstendig grunnlag.

Den siste setninga er ny og kan nok kallast ei

presisering, men ikkje ei kursendring. Det treårige arbeidsprogrammet som vart vedteke i 1998, seier om lag det same og legg til at mållaget skal «samarbeida med Norsk språkråd om ei vidareføring av kampanjen for at gode, norske avlørsarord kan koma i staden for utanlandske lånord» (punkt 31). Programmet slår i tillegg fast at paragraf 1 b («samnorskparagrafen») i lov om Norsk språkråd bør strykast. Styret i mållaget var noko meir konkret i januar 1998 då det vedtok ei fråsegn om «anbeheitlese-saka» før årsmøtet i Språkrådet. Styret bad Språkrådet utsetja vedtaket i saka og oppmoda rådet om å setja i gang ein kampanje for å fremja det tradisjonelle ordtilfanget og ordlagingsstradisjonen i nynorsk. Elles meinte styret at det trengst retningslinjer for normeringa som gjer at ein legg sterkare vekt på å normera heile kategoriar.

Førre gongen Noregs Mållag meinte noko større om normeringa av ordtilfanget, var i 1983 då årsmøtet på Gol drøfta tilrådinga frå Venås-nemnda. Med stort fleirtal vart det vedteke ei fråsegn som sa 1) at nynorsken skal byggja på alle dialektane og difor ikkje kan avvisa ord som er i bruk i norsk talemål, og 2) at mål dyrking og vern av nynorsk skrifttradisjon må stå sentralt i normeringa av nynorsk i framtida (Venås 1991: 144). Trass i at samsvaret mellom punkt 1 og 2 ikkje var det aller beste, må vedtaket tolkast som atterhalden støtte til den varsame opninga for «anbeheitlese-ord» som låg i fleirtalstilrådinga frå Venås-nemnda. Språkrådet fekk inn 56 fråsegner frå mållag i høyringsrunden, og av dei var 28 for og 28 imot fleirtalstilrådinga frå Venås-nemnda. Hovudtyngda av fråsegnene som støtta fleirtalstilrådinga, kom frå lag i boknålsområda medan dei fleste fråsegnene som ynskta å føra vidare den restriktive normeringsslina, kom frå lag i nynorsk områda (Sandøy 1998a: 5–6, sjå detaljar i Venås 1991: 145f).

Norsk Målungdom har heller ikkje prioritert normeringsspørsmål særleg høgt, men ung-

domsorganisasjonen har program- og vedtaksfest eit klårare syn på normeringa enn Noregs Mållag. NMU har i eit tiår markert seg skarpt «imot alt som pressar nynorsken og målføra i bokmålslei», slik det står i Tufta (prinsippogrammet) frå 1992, mest utdjupa i programmet *Målføra og nynorsken*, vedteke på landsmøtet i 1991 (NMU 1991).

Normering ikkje eit prioritert arbeidsfelt

Medlemer og tillitsvalde i Noregs Mållag er svært opptekne av korleis nynorsken ser ut, men som me ser, er det lenge mellom kvar gong det vert gjort vedtak. Organisasjonen har dei siste tiåra brukt lite tid og krefter på normspørsmål jamført med skulemåsarbeidet og andre arbeidsfelt der hovudsaka er å halda oppe og auka utbreiinga av det nynorske skriftmålet. Ein viktig grunn er nok, som tidlegare leiar Olav Randen (1995) er inne på, at Noregs Mållag i det store og heile har vore nøgd med det arbeidet rådet har gjort. Mållaget har med andre ord ikkje sett nokon grunn til å reagere på den måten Språkrådet har praktisert Venås-tilrådinga på. Dei fleste «anbeheitlese-orda» vert framleis haldne utanfor dei nynorske ordlistene, og det er dei som ynskjer ei mindre restriktiv normering som har reist spørsmålet, no som kring 1980.

Mållagsrepresentantane i Språkrådet i førre periode, Arnold Dalen og Ingeborg Donali, var rett nok med på å reisa saka (i eit notat frå 1993 prenta i dette heftet, sjå side 109), men initiativet koin den gongen ikkje frå noko sentralt organ i Noregs Mållag.

Den andre hovudgrunnen til at mållaget ikkje har engasjert seg i normeringsspørsmål, er den breie semja om at det er heilt andre ting enn norma og normeringsvedtak som avgjer om det vert færre eller fleire nynorskbrukarar her i verda. Ordskiftet det siste året tyder på at det er all grunn til å streka under endå ein gong at det korkje vil føra til katastrofar eller rask framgang for nynorskbruket same kva Språkrådet til slutt måtte vedta av dei framlegga som har vore oppe i ordtilfangssaka. Då er eg meir uroa over at det å

kritisera dagens nynorsknorm med store bokstavar skremmer bort moglege brukarar av målet. Ingen vil skriva eit mål som framståande brukarar tykkjer er dårleg. Hadde det vorte argumentert overtydande for at eit framlegg om normendring i den eine eller andre retninga raskt ville ført til fleire nynorske skulekrinsar, fleire nynorskklassar i byane, nynorsk i hovudstadsavisene, auka nynorskbruk i staten eller berre litt mindre fråfall av nynorskbrukarar frå grunnskule til vidaregåande skule, hadde heilt sikkert det store fleirtalet av målfolk stilt seg bak det. Men det vil ikkje henda, like lite som nynorsken vann (eller tapte) etter liberaliseringa av ordtilfanget i 1984. Sjølv om Noregs Mållag drøftar normeringsspørsmålet for tida, er det liten grunn til å tru anna enn at organisasjonen vil halda fram med å bruka kreftene på å stri for nynorsken slik han til kvar tid er, ikkje på å normera han.

Det vil ikkje seia det same som at målorganisasjonane og dei organiserte nynorskbrukarane er uinteresserte og meiner at norma er uviktig. Som ein kan venta av språkinteresserte folk, deltek dei med liv og lyst i ordskiftet for å påverka normeringa av sitt eige mål. Og det er bra, for når me drøftar normeringsspørsmålet, drøftar me samstundes sjølve grunnlaget for målreisinga og dermed dei prinsipielle og strategiske vegvala våre frametter. Og *det* er viktig for nynorsken.

Normerarane bør på si side vera glade for at mållag og mållagsmedlemer bryr seg så mykje som dei gjer. Meiningsytringar frå vårt hald vert av og til møtte med skepsis frå fagfolk – dels med at synspunkta er «uvitskaplege», og dels med at dei ikkje er representative for den halve millionen nynorskbrukarar. Til det lyt det strekast under at målorganisasjonane korkje er forskingsinstitutt eller meiningsmålingsinstitutt, men arbeidande målpolitiske organisasjonar. Det me kan by på, er synspunkt frå dei 13–14 000 mest medvitne nynorskbrukarane i landet som gjennom kontakt med andre og arbeid for målet i ei årrekkje veit meir om styrkar og veikskapar ved norma enn dei fleste. Dei gjer ein klokt i å høyra på.

Er tradisjonsorda skadelege for nynorsken?

Dei fleste orda i nynorsk er ikkje omstridde. Det gjeld den store mengda med ord som er vanleg både i nynorsk skriftmål og i dialektane. Det me drøftar, er ein sær s litten del av det samla ordtilfanget, men det er ein viktig del: Det er dei orda som tradisjonelt ikkje har rom i nynorsk, men som dialektane og bokmålet har sains, det vil seia dei orda me finn langs grenselina til det målet som nynorsken tevlar med til dagleg. For å gjera det enkelt omtalar eg dei i framhaldet som «anbeheitlese-ord» eller «bokmålsord» etter det målet dei vert assosiererte med. Dei orda som har vore vanlege i nynorsk og som dei tevlar med, omtalar eg som «tradisjonsord» eller «nynorskord».

Når ynska om endringar i normeringa av ordtilfanget vert grunnleggjvne, vert det særleg peika på praktiske og pedagogiske problem. Det eine er at ein del vanlege ord i dialektane ikkje er sleppte inn i ordlistene og dermed ikkje er brukande i skulen. Nynorsk er eit «forbodsspråk», seier kritikarane. Det andre problemet er at det ikkje er mogleg å hugsa kva ord som er godkjende, og kva ord som ikkje er det, fordi Språkrådet har praktisert ei inkonsekvent ord-for-ord-normering.

Problemstillingane har med andre ord vore av det praktiske slaget, og det har diverre gjort at me har drøfta kvar ein skal dra grensene for kva folk *kan få lov til* å skriva i staden for å byrja med å drøfta kva folk *bør* skriva. Det som i utgangspunktet burde ha vore eit spørsmål om god og dårleg språkbruk, har vorte redusert til eit spørsmål om språkleg påbod og forbod og om dei meir tekniske sidene av normeringsspørsmålet.

Dei som har argumentert for ei mindre restriktiv normering av ordtilfanget, har i overraskande stor grad late vera å svara på det viktigaste prinsipielle spørsmålet i denne saka, nemleg om *ordreisingslina* i nynorsk skal førast vidare eller ikkje. Med 'ordreisingslina' meiner eg både å styrkja bruken av tradisjonsorda som alt finst, og å laga nye ord ut frå dei same avleiings- og samansetjingsprinsippa som er lagde til grunn frå Ivar Aasen og fram til i dag. For å setja spørsmålet på spissen: *Vil målrørsla og Norsk språkråd at dei som skriv nynorsk*

helst skal bruka (1) *tilrå, medvit, tilsetja, kjensle, stadfesting, kjærleik, likskap, lovnad, lagnad, gruvferd, smålåten, snøbrett, program(vare) og e-post*, eller skal me rekna det som like god nynorsk å skriva (2) *anbefala, bevisstheit, ansetja, følelse, bekreftelse, kjærlegheit, likheit, løfte, skjebne, begravelse, beskjeden, snowboard, software og e-mail?* Orda i den fyrste gruppa er alle saman ein del av denne ordreisingstradisjonen, og sume er vanlege i dialektane, andre ikkje. Orda i den andre gruppa vil nok av dei fleste bli rekna som uheldige å bruka i nynorsk og er med to unntak ikkje «lovlege», men alle orda har lengre eller kortare fartstid i naturleg norsk folkeleg talemål. (For å unngå mistydingar: Eg påstår *ikkje* at fagnemnda har gjort framlegg om å ta inn alle desse orda i ordlistene.)

Språkrådet og me andre kan – prinsipielt – gje minst tre ulike svar på spørsmålet. Me kan seia at folk helst bør bruka tradisjonsorda, me kan seia at folk helst bør bruka orda som er vanlege i dialekten deira, eller me kan la vera å gje råd og heller overlata det til dei sjølve og andre. Fagnemnda gav ikkje noko klårt svar på dette spørsmålet då ho gjorde framlegg om å sleppa fleire «anbeheitlese-ord» inn i ordlistene i fjor, og ein viktig grunn til den sterke motstanden mot framlegget var nok at det var vanskeleg å få auga på ein vilje bak framlegget til å føra ordreisingstradisjonen vidare (kanskje med nyare engelske importord som eit unntak). Sandøy har klårt gjeve uttrykk for at tradisjonsord som ikkje (lenger) er vanlege i dialektane, beint fram kan skada nynorsken: «Med ['avstandsnynorsk'] kan ein dyrke menigheitsverdiane, dvs. 'dei gode nynorskorda'. Internt kan 'dei gode nynorskorda' fungere som ei stadfesting av at ein er trufast mot rørsla. ... Men folk utanfor rørsla oppfattar neppe at symbolorda markerer deira identitet.» (Sandøy 1998b)

Det er all grunn til å ta innvendinga på alvor. Ein skal ikkje ha snakka med mange elevar i bokmålsstrok før ein får høyra om alle dei «rare orda» i nynorsk som folk ikkje brukar i talemålet. Her ligg nok ein viktig grunn til at mållaga i bokmålsstrok tradisjonelt har vore positive til å sleppa inn fleire ord i ordlistene. Den same reaksjonen kan ein jamvel støyta på i nynorskrområda. Då skulle tankerekkje vera

enkel: Dersom ein sluttar å bruka dei «rare» orda i nynorsk og heller brukar ord som folk møter ofte, fjernar ein samstundes ein viktig grunn til motstanden mot (eller iallfall skepsisen til) nynorsken.

Det er sjølvstøtt umogleg å vera usamd så lenge me snakkar om tekstar proppfulle av lite brukte nynorske tradisjonsord. Men det gjeld ein så liten del av nynorsken som vert skriven, at det er uinteressant i denne samanhengen. Og då er det ikkje like enkelt lenger, for det er ikkje berre dei meir uvanlege tradisjonsorda folk stempelar som «rare». Noka systematisk gransking kan eg ikkje slå i bordet med, men eg har opp gjennom åra snakka med ein god del ungdomar som har reist på skular land og strand rundt og agitert for nynorsken, og observasjonane peikar i éi lei: Det er mykje brukte ord som dei fleste lesarane av dette heftet slett ikkje vil oppfatta som «meinighetsord» elevane like gjerne hengjer seg opp i. Nokre vilkårleg valde døme: *framleis*, *sjølvstøtt*, *korleis* (der folkemålsformene kan vera *fremdeles*, *selfølgeli*, *koss/kordan*). Dersom dette er rett, burde ein konsentrera seg like mykje om å dempa bruken av dei mest frekvente og dermed vanlegaste «nynorskorda» om ein skal auka populariteten til målet. Denne tankegangen ligg òg til grunn når eg av og til har høyrte målfolk i bokmålsstrok meina at det beste ein kan gjera for nynorsken i deira område, er å ta inn høgfrekvente symbolord som *jeg* og *ikke*.

Eg er likevel redd det ikkje er særleg mykje vunne med det, og at reaksjonane heller er eit uttrykk for noko verre: Det er nynorsken som heilskap som er «rar», ikkje fordi han ligg lenger frå talemålet til folk enn bokmålet, men fordi han er mindre brukt og dermed mindre vanleg. Språk i ei mindretalsstode vil alltid bli offer for slike haldningar. Me lever alle midt i det sume kallar bokmålsveldet, og jamvel i Nynorskland les folk meir bokmål enn nynorsk. Måten å gjera nynorsken mindre «rar» på, er då ikkje fyrst og fremst å skriva ein nynorsk heilt utan ord som er lite brukte i talemålet, men å arbeida for at det vert skriva meir nynorsk.

Målvane og målbyte

Kva folk les, er ei sak – kva dei kan eller bør skriva sjølv, treng ikkje vera det same. Og det

er heller ikkje den opne motstanden mot bruken av tradisjonsord som har prega argumentasjonen frå dei som har teke til orde for ei liberalisering av ordtilfanget, men ei både-og-haldning: Dei som vil bruka tradisjonsorda kan godt gjera det, men det må bli mogleg å bruka dei bokmålsorda som er vanlege i talemålet i tillegg. Skal me kunna hevda at nynorsken byggjer på dialektane, må det vera godteke å bruka dei orda som finst i dialektane dersom argumentasjonen vår skal ha truverde, vert det hevda.

Dersom den viktigaste grunnen til at folk skriv eller byrjar å skriva nynorsk, er at han ligg nærare deira eige talemål enn bokmålet ut frå ei reint språkleg jamføring, er det ikkje vanskeleg å vera samd. Talemålsnærleik har vore eit sentralt argument i striden for nynorsken heilt sidan Aasen, og ikkje minst i dei siste tiåra. Den personlege fridomsopplevinga å kunna bruka meir av talemålet sitt i skrift, har tvillaust vore viktig, både for folk som har teke steget over frå bokmål til nynorsk, og for dei som har late vera å ta steget hin vegen.

Ein kan likevel ikkje redusera argumenta for nynorsk og dei grunnane folk har for å skriva nynorsk til ein så enkel formel – diverre! Hadde likskapen mellom talemål og skriftmål avgjort målvalet til folk, ville det meste av landet ha skriva nynorsk for lengst. Det er ikkje noko problem å få ungdom i Nord-Noreg til å innsjå at nynorsken ligg nærare dialekten deira enn bokmål, men dette er ikkje ei innsikt som i seg sjølv får dei til å skriva nynorsk. Grunnane til at folk skriv nynorsk eller bokmål er langt meir komplekse, og tilhøvet mellom talemål og skriftmål er berre ein av mange faktorar som styrer val av skriftmål.

Den viktigaste faktoren er *målvane*, som òg gjer at ein i dei fleste tilfella ikkje kan snakka om eit *val*: Folk skriv det målet dei er vaksne opp med og har lært i grunnskulen, og dei tenkjer aldri på å byta. Det gjeld særleg det tause fleirtalet av bokmålsbrukarar som møter lite nynorsk i skrift og mest aldri har fått presentert den problemstillinga at dei kunne ha skriva dette målet. Fleirtalet av nynorskbrukarane tenkjer heller aldri på å byrja å skriva bokmål, iallfall ikkje så lenge dei bur på ein stad der nynorsk er det vanlege. Eit sentralt norme-

ringsprinsipp i nynorsk bør vera at ein ikkje skiplar denne vanen med å endra norma i utide.

Unntaket er den tredelen av nynorskelevane som byrjar å skriva bokmål seinare i livet, anten i høgare skuleslag eller arbeidsliv. Ein del av dei vert aktive tospråklege som held fram med å skriva nynorsk i private samanhengar, men bokmål i yrkeslivet. Fråfallet er klårt størst dei stadene bokmål og nynorsk lever side om side, og då må ein spørja, som fleire har gjort, om norma kan vera ei av årsakene. Det byrjar no endeleg å koma granskingar som kan seia noko meir handfast om dette. Dagfinn Rødningen (1997) har granska åtferda til ungdom frå Lom, Skjåk og Vågå og konkluderer (førebels) med at den klårt viktigaste grunnen til målbytet er det som i målrørsla har vorte kalla bokmålsveldet: Massemedia og annan språkpåverknad har gjort bokmålet til det vanlegaste skriftmålet i Nord-Gudbrandsdalen trass i at det formelt er eit nynorskområde. Rødningen meiner at ein annan viktig grunn til målbytet er at elevane tykkjer det er lett å gjera feil i nynorsk. Han legg sjølv vekta på valfridomen i rettskrivinga meir enn på grensene i ordtilfanget, men eg tolkar resultatata slik at ein heller ikkje kan sjå bort frå at det siste har noko å seia. Han meiner òg å kunna slå fast at ei dialektliberal haldning i skriveopplæringa ikkje reduserer sjansane for at elevane byter til bokmål, snarare tvert om. No kan ein ikkje utan vidare overføra resultatata frå ei gransking av 144 elevar i Nord-Gudbrandsdalen til stoda i andre strok med nynorsk i skulen. Når eg likevel tek resultatata hans for god fisk, er det fordi dei samsvarar med det inntrykket både eg sjølv og dei mange eg har prata med i målrørsla, sit att med etter å ha reist ikring på vidaregåande skular og ungdomsskular i ei årrekkje.

To dialektliner

Det nynorske skriftmålet byggjer på dei norske målføra. Dette er både eit historisk faktum og eit målpolitisk postulat heva over ordskiftet i dag. Tanken til Jan Prahl om å byggja skriftmålet på norrønt meir enn på dialektane er like uaktuell i dag som Arne Garborgs freistnader på å gå ut frå eitt målføreområde (midlands-

målet). Spørsmålet i dag er ikkje *om* nynorsken skal byggja på alle dialektane, men *på kva måte* han skal gjera det. Prinsipielt står me andsynes to alternativ. Motsetnaden er like gamal som nynorsken, og me har fint greidd å leva med han til no. Han kjem klårare fram når dei ulike normeringssyna og -omsyna vert grunngevrne, enn når ein kjem til den konkrete normeringa, som alltid må bli eit kompromiss mellom ei rad kryssande omsyn, ikkje eit anten-eller, som ordskiftet gjerne er prega av.

Det eine alternativet er å ha ein individualistisk innfallsvinkel og seia at oppgåva til nynorsken er at folk skal kunna skriva mest mogleg talemålsnært: Nynorsken ligg tett opp til *ditt* talemål og er difor eit språk for *deg* som gjer at *du* vil oppleva større språkleg fridom. Med eit slikt utgangspunkt vert naturleg nok det reinte språklege samsvaret mellom dialekt og nynorsk og skilnadene mellom dialekt og bokmål heilt sentrale. Dette har særleg vore viktig for å opna augo til folk i typiske bokmålsområde for at nynorsk ikkje er eit vestlandsk framandspråk, men faktisk òg byggjer på dialektane i andre landsdelar. Omvendt har det nok òg vore viktig for å gje nokre av dei mest undertrykte dialektane auka prestisje ved å syna at det er mogleg å byggja eit skriftmål på dei. Reindyrkar ein dette synet, er konsekvensen at nynorsken bør tilpassa seg endringar i dialektane uavhengig av årsakene til dialektendringane. Det har vore ei gryande sannkjenning i målrørsla dei siste åra at ei slik tilnærming ikkje er like verknadsfull som ein trudde for eit par tiår sidan. Ei sak er det at folk finn seg litt for godt til rette med bokmålet og ikkje *opplever* nynorsken som særleg mykje enklare og frigjerande trass i talemålsnærleiken. Dessutan har det nok synt seg at det å finna si personlege skriftlege norm innanfor den store valfridomen i rettskrivinga berre er noko dei meir ressurssterke greier, og ikkje dei som treng det mest.

Alternativet er ei meir kollektivistisk utgåve av dialektlina: Nynorsken er ein samnemnar for målføra der alle vil finna noko, men ingen vil finna alt. Det strukturelle samsvaret er viktigare enn det beinveges samsvaret mellom ord og former i dialektane og nynorsken. Ved å skriva nynorsk tek ein del i ein fellesskap der dialektane vert godtekne som grunnlag for

skriftmålet, og ikkje som mindreverdige målformer slik dei er i høve til bokmålet. Meininga med nynorsken er at han skal vera eit skriftleg uttrykk for dei særmerkte sidene ved det talemålet som har teke form i Noreg opp gjennom hundreåra, og som er vårt viktigaste tilskot til språkmangfaldet i Norden og verda.

Dialektendringar kan etter denne tankegangen ikkje automatisk få fylgjer for nynorsken, og særleg ikkje dersom det fører til at nynorsken vert mindre særmerkt og meir lik grannemåla. Då sviktar han tvert om oppgåva si som ut frå dette synet heller bør vera å stø opp om visse drag i dialektane.

Dette er ein type dialektargumentasjon som ofte er tett samanvoven både med omsynet til identiteten i lokalsamfunnet og til skriftradisjonen. Det ser ein ikkje minst i skulemålsrøysingane der motsetnaden mellom bokmål og nynorsk og striden for den tradisjonelle dialekten er to sider av den same saka og går inn i ein større samanheng der det er snakk om å ta vare på særpreget til bygda. Bokmålet er her det skriftlege uttrykket for ein sentrumskultur med rot i dei prestisjetunge laga i næraste by og utsende medarbeidarar i byggjefelta som viskar ut lokale skilnader. Nynorsken er samstundes eit ankerfeste i ein regional og nasjonal skriftkultur der ein står saman med andre lokalsamfunn som er i same situasjon. Det kan vera freistande å gje etter for påstandane frå bokmålshald om dei «rare» orda i nynorsk, men det er ikkje sjølvgeve at ein styrkjer posisjonen til nynorsken på sikt ved å sleppa inn ord som vert assosierte med det bokmålet som det var eit poeng å vera mot, jamvel om desse orda vert brukte i talemålet.

Nynorsk som kulturberar

Den kollektivistiske dialektlina er tett knytt til det synet at nynorsken frå Ivar Aasen til i dag har vore det skriftlege uttrykket ikkje berre for dialektane, men for eit anna syn på norsk kultur, samfunnsliv og historie enn bokmålstradisjonen. Skiljet går, svært stutt sagt, mellom dei som trur at kulturlivet i norske bygder avgrensar seg til bingo og bensinstasjonar, og dei som veit at det ikkje er slik. Det går mellom dei som i 200 år har trudd at eit åndsliv må skapast i

byane eller helst importerast (til liks med skriftmålet), og dei som veit at det ligg mykje menneskeleg kunnskap og innsikt nedfelt i lokalkulturane over heile landet, og tykkjer dette saman med impulsar frå utlandet og byane bør liggja til grunn når samfunnet skal formast og omformast. Nynorsken har vore ein språkleg måte å ta heile landet i bruk på, og dei såkalla «riksmedia» gjev oss daglege påminningar om at prosjektet vårt er meir aktuelt enn nokon gong. Kjell Venås omtalar det som den frigjeringa «ein kan kjenne ved å vekse inn i eit skriftmål som ber med seg ein rikdom av kulturoppleving, målkunnskap og stilkjensle frå mange som har skrive nynorsk før oss. Det er stor skade om vi tapar den rikdommen» (Venås 1997: 385). Skilnaden kan symboliserast reint grammatisk: I bokmål slik det vanlegvis vert nytta, heiter det *dronningen*, men *kjerringa*. I nynorsk er det ikkje mogleg å skilja språkleg mellom *dronninga* og *kjerringa* (ev. med [-i]), og ein finn heller ikkje den nynorskbrukaren som ville drøymt om å gjera det. I bokmål er ord og ordformer med lang fartstid i dialektane stilistisk markerte – i nynorsk er dei sjølv grunnstommen i målet.

Då er ordtilfanget vel så viktig som formverk og ortografi. Den nynorske purismen er like gamal som nynorsken og byrja som kjent med Ivar Aasen, som såg på ordbøkene sine som hovudverka og ordtilfanget som det sentrale når eit norsk skriftmål skulle reisast. Han ville byggja skriftmålet på dei orda og ordlagingslementa med lengst tradisjon, norskast opphav og mest heimleg bygnad. Mange av orda fanst i målføra, og Aasens innsats var å ordbokføra og normera dei og såleis gje dei eit nytt liv som litterære ord. Nokre få ord var nylagingar, «kunstord», utan målførebakgrunn. Slik skulle det nye skriftmålet gjerast fullt brukande på alle samfunnsområde slik dansk og svensk var det, men på heimleg grunn. Denne purismen har hovudsakleg retta seg mot dei dansk-tyske orda, og ikkje dei internasjonale orda som gjerne har gresk-latinsk opphav og som me deler med ei rad andre språk.

Slik er det skapt eit særeige nynorsk ordtilfang som òg har lege der som eit tilbod til bokmålet. Ein del ord har slege gjennom i bokmål (*gravferd* vert t.d. vanlegare og vanlegare), men

motstandskrafta – den røynelege purismen – i bokmålstradisjonen har vore for sterk til at målføreorda og nynorskorda har kunna slå gjennom. Som purist vart såleis bokmålsmannen Knud Knudsen ein vel så viktig leverandør av nylagingar til nynorsken som til sitt eige mål (*folkestyre, ordskifte, bakstrevar*).

Den nynorske purismen har gjort at mange ord med lang tradisjon i målføra har fått eit rom i skriftmålet, og på den måten vore ein garantist for mangfaldet. I bokmålstradisjonen har det derimot rådd ein purisme som har halde dialektorda ute. Sams for mange av dei orda som er tekne opp frå målføra eller skapte av nynorske målreisjarar, er at dei er stutte eller sjølvforklarande eller bae delar. Ein burde såleis kunna semjast om at *medvoit/medvoelt, ørske, samvoit/samvoett, arbeidsløyse, merksemd, løyve, rettferd* og *rå til/tilrå* er betre enn *bevisstheit, bevisstlausheit, samvoittigheit, arbeidslausheit, oppmerksamheit, tillatelse, rettferdigheit* og *anbefala*, trass i at fleire av orda i den fyrste rekkja er mindre vanlege i dialektane i dag enn dei siste orda. I dette tilfellet har bokmålssettet 50 % fleire stavingar enn nynorsksettet. I den grad nynorskorda vert brukte i dialektane, er stoda gjerne at dei tevlar med ord som kan henta støtte og prestisje frå tala og skrive bokmål. Då burde oppgåva til nynorsken nettopp vera å stø opp om orda som er under press og *ikkje* kan henta støtte i bokmålet eller det næraste sentrumsmålet/bymålet. Slik bør nynorsken vera eit aktivt ryggstø for målføra, ikkje ein passiv spegel av dei. Det er endå viktigare i ei tid når endringane i målføra og særleg i ordtilfanget skyt fart.

Kva bør Norsk språkråd gjera?

Eg ser ikkje nokon grunn til å bruka plass her på spørsmålet om ordtilfanget kan eller bør normerast, og om det i så fall er Norsk språkråd som bør gjera det. Svaret mitt på bae spørsmåla er eit klårt 'ja', og eg reknar med at andre i dette heftet fører fram gode grunnar for det.

Retningslinjer for normering og vedtak om oppføringar i ordlister må me ha, men kanskje vel så viktig er dei overordna prinsippa og dei råda om god målbruk som Språkrådet går ut med. Då vil det vera uheldig om Språkrådet

slår fast eit prinsipp om at «Nynorsken godtek alle ord som er vanlege i naturleg norsk tale-mål», slik fagnemnda gjorde framlegg om til årsmøtet i 1998. Språkrådet bør heller vedta at den overordna målsetjinga for normeringa av ordtilfanget er å styrkja bruken av det tradisjonelle ordtilfanget i nynorsk og føra vidare skikken med å laga nyord på heimleg grunn framfor å importera ord. Det siste fangar òg opp striden mot den engelske sjuka, noko målfolket lukkelegvis står samla om, og difor ikkje har vore så mykje framme i ordskiftet.

Det krev sjølv sagt at målsetjinga vert fylgd opp av handling, og eg nyttar høvet til å ta opp att ynsket som Noregs Mållag kom med i januar 1998. Mållaget bad Språkrådet setja i gang ein kampanje etter mønster av anglonorsk-kampanjen for å auka bruken av tradisjonsorda og styrkja ordlagingsstradisjonen. Særleg viktig er det her å nå fram til elevlar og lærarar, offentleg forvaltning og dei institusjonane (forlag, aviser, media elles) som masseproduserer nynorsk tekst. Målsetjinga må dessutan vera styrande for det store rådgjevingsarbeidet Språkrådet driv til vanleg.

Ut over den rådgjevande og haldningsskapande funksjonen er det vanskeleg å tenkja seg andre måtar å normera ordtilfanget på enn å styra opptaket av ord i ordlister og ordbøker som Språkrådet skal godkjenna, anten fordi dei skal brukast i skulen, eller fordi utgjevaren ynskjer den kvalitetsstempelen det er at noko er godkjent av Norsk språkråd. Språkrådet har i praksis makt til å regulera så godt som all nynorskbruk i det norske samfunnet fordi det ikkje finst sterke normerande instansar utanfor Språkrådet slik det gjer på bokmålssida (NTB, Aftenposten). Om nokon skulle gje ut ordbøker, ordlister eller stavekontrollar som vik av frå den offisielle rettskrivinga, er det liten sjanse for at dei vil setja særleg spor etter seg i den nynorsken som kjem på prent.

Men her er det òg viktig at grensene for ordtilfanget er såpass skarpe at dei fungerer styrande på den nynorsken som når ut til mange. Det er ein lei tendens til at den nynorsken som vert prenta i blad og bøker, vert lagd så nær opp til bokmål i ordvalet som ordlistene opnar for. Det gjeld særleg den nynorsken som utgjevaren veit vert lesen av folk med bokmålsbak-

grunn. Me snakkar her om tekstar som er språkvaska og korrekturlesne profesjonelt både ein og to og tre gonger, og i ein del tilfelle jamvel av Språkrådet sjølv (gjennom godkjenningsordninga for lærebøker).

Kva så med elevane? Vil ikkje dette styrkja synet på nynorsken som eit sært språk der ein ikkje har lov til å bruka ord som er heilt vanlege i talemålet? Det spørst korleis dette vert praktisert, og her er det nok noko å henta. Det gjekk ut eit rundskriv til skulane i 1984 der det vart streka under at ordlista ikkje skulle brukast som fasit på kva ord elevane kunne bruka og ikkje. Trass i at intensjonane i rundskrivet er dei aller beste, ser det ikkje ut til å ha fungert slik det var meint. Eg trur ein del av forklaringa er at både elevane og lærarane har hatt vanskar med å tolka det (jf. Bjones 1995:9). Det bør strekast klårare under at elevane ikkje skal få feil sjølv om dei skulle koma til å bruka nokre ord som ikkje står i ordlista. Bodskaen bør heller vera at god nynorsk med bokmålsord skal vurderast høgare enn dårleg nynorsk med nynorskord, men at det beste sjølv sagt er god nynorsk der elevane òg viser at dei rår med den nynorske ordtradisjonen. Som Ola Breivega har sagt det: Ein god del ord og ord-element i talemålet er framandelement (ikkje «forbodne») i nynorsk. Bruk dei «dersom du ikkje kjem på noko betre i farten, men prøv å finna ei betre løysing neste gong» (Breivega 1998). Så kan ein alltid hevda at dette er å stilla for store krav til lærarane – dei er for dårlege, negative eller umotiverte for nynorskundervisninga. Det er tvillaust eit problem, men definitivt ikkje eit problem ein kan normera seg bort frå.

Ordlistene kan òg bli betre hjelpemiddel for elevar og andre nynorskskrivande enn dei er i dag. I dei tilfella der eit tradisjonsord og eit bokmålsord lever side om side og tyder om lag det same, burde tradisjonsordet konsekvent førast opp bak oppslagsordet med ei spesiell markering. Det vil dessutan vere ein stor føremon om ordlistene òg inneheld ein del vanlege, men ikkje godkjende ord og ordformer slik at brukaren ikkje treng slå opp i ei eiga oppnorskingsliste eller i verste fall ikkje finn ordet. Dei kan utstyrast med eit merke (t.d. ein liten ^b) og ei tilvising til det ordet/den forma ein bør

bruka. Det er svært enkelt for Språkrådet å krevja dette i samband med at ordlistene vert godkjende for bruk i skulen.

Mykje av striden i denne saka har gått på dei konkrete orda som fagnemnda ville ta opp i ordlistene, og i nokon mon på retningsliner for opptak av nye ord. Det skulle vera lett å semjast om minimumskrava: Orda ein tek opp, skal vera utbreidde i dialektane, ein skal leggja vekt på om ordet alt er i skriftleg bruk i nynorsk, og ein skal ikkje ta inn ord når forma deira ligg nær ord som alt er etablerte (Sandøy 1998b). Ut over dette bør det setjast opp eit sett med retningsliner som samla ikkje fører til noko stort innslepp av nye ord med dei uheldige signala det gjev, men som gjer det enklare for språkbrukaren å utleia frå prinsippa kva ord som fell innanfor og utanfor norma. Skal det takast inn fleire ord, bør det gjerast for å styrkja konsekvensen.

Teknologioptimistar bør til vanleg møtast med pessimisme, men noko kan ein venta seg av språkteknologien: Det vil bli enklare å læra skilnaden ikkje berre på rett og gale, men òg på god og dårleg nynorsk når stavekontrollane vert betre, og synonymordbøker, grammatikk- og stilkontrollar og andre verkty vert utvikla. Noko av det som vil skje, er at programma i større grad vil fungera opplysende og korrigerande undervegs i skrivninga. Språkrådet har eit stort ansvar for at det vert utvikla slike verkty for nynorsk.

Det avgjerande er likevel korkje språkverkty eller normeringsteknikk, men om Språkrådet og målrørsla greier å utnytta styrken og særmerka i nynorsktradisjonen til å styrkja bruken av målet. Men det føreset at me sluttar å sjå på tradisjonsorda som eit problem som me ser i bakken og orsakar oss for, og i staden forklarar kvifor dei er med på å gjera nynorsk til eit framifrå mål for folk her i landet. Me har no eit einestående høve til å samla kreftene og bruka dei fire neste åra på ein offensiv for ein modernisert purisme med mindre vekt på «forbod» og meir vekt på aktiv oppmoding om å bruka tradisjonen. Så kan me oppsummera det heile på slutten av neste fireårsbolck og eventuelt justera kursen då. Alternativet er nok at dette held fram som føreseieleg motstand mot føreseielege framlegg. For nynorskorda mine får du aldri.

Litteratur

- Bjones, Jon 1995: «Språknormering dei siste ti åra», i: *Korleis bør nynorsken sjå ut? Om Norsk språkråd og normeringa av nynorsken*, hefte utgjeve av Noregs Mållag, Oslo, s. 3–11
- Breivega, Ola 1998: «Nynorsknorma», i: *Norsk tidend* 4/1998, s. 10
- Norsk Målungdom 1991: «Målføra og nynorsken», program vedteke på landsmøtet i 1991, prenta i *Mål og Makt* 3/91 (øg tilgjengeleg på Internett, <http://www.nynorsk.no/nmu/>)
- Randen, Olav 1995: «Norm og ordtilfang i nynorsk», i: *Norma i nynorsk. Debatt*, Norsk språkråds skrifter, nr 2
- Rødningen, Dagfinn 1997: «Språkskifte blant ottadaselever», upublisert føredrag ved MONS 7 i Trondheim 1997
- Sandøy, Helge 1998a: «Normeringa av ordforrådet. Om opptak av gamle importord i nynorsk», notat til landsmøtet i Noregs Mållag bygt på eit føredrag for årsmøtet i Hordaland Mållag 1998
- Sandøy, Helge 1998b: «Samnemnaren nynorsk», i: *Norsk tidend* 4/1998, s. 11
- Venås, Kjell [1987]: «Korleis bør nynorske ord sjå ut?», her etter: *Målvitskap og målrøkt. Festskrift til 70-årsdagen 30. november 1997*, Oslo 1997
- Venås, Kjell 1991: *Mål og med. Noregs Mållag i 1980-åra*. Oslo